

## **Forord til UDIT 2023**

Like sikkert som jula, kjem NIKT og UDIT ei veke før, og i år er det stor fest. Me fekk 23 bidrag og 17 var so gode at me ikkje kunne seia nei. I tillegg har me fire lovande bidrag som berre vert publiserte som samandrag. Uvanleg nok må med dermed ha parallelle økter i år.

Bidraga dekkjer både gamle og nye tema. Dei store fyrsteårsemna og vurdering samlar alltid mange bidrag. Spillifisering er mindre, men like fullt ein gjengangar, med to bidrag i år. Diskusjonen om undervising under COVID-19 held fram med to bidrag. Bærekraft har vorte eit stort tema dei siste åra og ser ikkje ut til å avta med det fyrste.

Den store nye trenden siste år er kunstig intelligens, med store språkmodellar. Her har me to bidrag, men der er vel grunn til å tru at det berre vil veksa. Der har vore ein del diskusjon om konferansen òg skal famna om programmeringsopplæringa i grunnskulen og vidaregående skule. Det er vanskeleg sidan få av oss har særleg kjennskap til skulesektoren, men det er jo ikkje slik at me ikkje ynskjer meir kjennskap. Difor skal me vera glade for dei to bidraga som fann vegen hit i år. Lat oss håpa at det er ein spore til meir samarbeid og heilskapstenkjing.

Til slutt vil me takka programkomitéen for iherdig innsats og Omid Mirmotahari for å delta i fagfellevurdinga. Lat oss heller ikkje gløyma deltakarane. Det er fagdiskusjonane og historiene som vert fortalte når me møtest som gjer arbeidet verd å gjera.

Vel møtt til konferanse,  
Hans Georg, Yngve, Erlend

## **Programkomité for UDIT 2023**

- Hans Georg Schaathun, Norwegian University of Science and Technology (leiar)
- Yngve Lindsjørn, University of Oslo (teknisk nestleiar)
- Local Co-Chair: Erlend Tøssebro, University of Stavanger (lokal nestleiar)
- Salah Uddin Ahmed, USN
- Per-Arne Andersen, University of Agder
- Marcin Fojcik, Western Norway University of Applied Sciences
- Laurence Habib, OsloMET
- Birgit Krogstie, Norwegian University of Science and Technology
- Per Lauvås, Kristiania University College
- Henrik Hillestad Løvold, UiT The Arctic University of Norway
- Robin Isfold Munkvold, Nord University
- Torstein Strømme, University of Bergen